

Til Vestland fylkeskommune v/fylkestinget

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2020

Kontrollutvalet har 10.05.2021 behandla årsrekneskapen og årsmeldinga for 2020 for Vestland fylkeskommune som er avgitt av rådmann/kommunedirektør den 31.03.2021, samt tilhøyrande revisjonsmelding datert 15.04.2021.

Fylkeskommunen har i 2020 eit netto driftsresultat på kr. 1 081 237 829. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen / årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2020 blir godkjent slik det ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere fylkestinget merksam på følgjande forhold:

- Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:
 - Netto driftsresultat er på 7,44 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er 4 %
 - Gjeldsgrad er berekna til 92,8 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
 - Gjeldsbelastning er berekna til 6,19 % av driftsinntektene. Fylkeskommunen sitt eige måltal er på maksimum 5%.
 - Disposisjonsfond er berekna til 8,4 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%. Fylkeskommunen sitt eige måltal er på 10 %.

Fylkeskommunen si gjeldsgrad er noko høgare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Gjeldsgraden har utvikla seg positivt det siste året frå 99,9 % samla for dei to samanslåtte fylkeskommunane til 92,8 % for Vestland fylkeskommune i 2020. Årsaka til den positive utviklinga av gjeldsgraden er auka inntekter, då langsiktig gjeld også har hatt ein liten auke i dette tidsrommet.

- Utdrag frå revisjonsrapport nr. 2 for 2020 frå Deloitte AS om viktige forbetningspunkt
 - Avvik innan lønsområdet må meldast inn
 - Dokumentasjon av føringar i rekneskapen bør kome på plass
 - Rutine for månadleg avstemming av kundreskontro må følgjast

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering:

- Det vert tilrådd at Vestland fylkeskommune prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 2 for 2020 frå Deloitte AS
- Dei ikkje-økonomiske krava i koml § 14-7 c- f er omtalt i årsmeldinga på ein tilfredsstillande måte
- Dei ikkje-økonomiske krava i koml § 25-2 behandlar Vestland fylkeskommune som eiga politisk sak som vert lagt fram for fylkestinget våren 2021

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga av 15.04.2021 og revisjonsrapport nr. 2, datert 29.04.2021, har kontrollutvalet ikkje merknadar til Vestland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2020.

Kopi:
Fylkesutvalet